



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 335.2

Sak nr 21/2022

Møtedato: 16.06.2022 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

S645, Sørre Trøllhøvd - rive og bygge nytt sæl

Eigar av S645 – Knut Hande søker om å rive eit eldre sæl som skal erstattast med nytt. Dette er ein støl på ein tilleggsgard dei har kjøpt.

Sælet som står der i dag er ca 80 m² målt utvendig. Det nye sælet er noko større, bl.a. fordi det er noko teljande areal i 2. etasje, samt at det er teljande areal under veranda. Totalt utgjer dette ca 100 m² målt som BRA (innvendig). Søkjer har fått undersøkt tilstanden på eksisterande bygg av Rudi på Valdres folkemuseum, der bygget er såpass dårleg at dei ynskjer å rive det gamle og bygge nytt.

Garden drives med sau/hestar samt forproduksjon. Støl nyttast som samlingsplass for sau både vår og haust.

Saka er sendt til uttale, og det er komme følgjande svar:

Statskog:

Statskog er av den oppfatning at eventuelle nye bygninger bør tilpasses stølenes noe enklere stil og ikke ligne på fritidsbolig. Statskog har ellers ingen merknader til nybygget, så lenge fjellstyret har vurdert behovet, jf. § 10 i seterforskriften.

Vestre Slidre kommune v/ landbruksavdelinga:

Bekrefter at garden driver med sau/hest og forproduksjon

Innlandet fylkeskommune

Enno ikkje motteke uttale, men fristen er ikkje gått ut. Dette ivaretas gjennom vilkår om at fylkeskommunen sine vilkår for utforming av bygg skal følgjast.

Vurdering:

Stølsforskriften § 10 ligg til grunn for avgjersle:

§ 10. Om søknad om å setje opp, utvide og endre hus

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyremskift til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Krav om drift er oppfylt. I denne saka skal det gamle sælet rivast, og det skal byggast nytt. Utgangspunktet då er at dei hadde uansett ca 80 m² frå før – utvendig målt. Imidlertid må dette og sjåast opp i mot behov dei har samt praksis i fjellstyret.

Det er ikkje komme konkrete, dokumenterte behov som tilseier at det er naudsynt med husvære på inntil 100 m² BRA. Praksis i fjellstyret har vore maks 70 m² BRA, utanom for dei som driv med mjølkekyr. I 2021 vart det godkjent eit sæl på 78,7 m² BRA (sak 22-2021), og administrasjonen tolkar då dette som at ein er villig til å kunne strekke seg noko lenger ang storleik på sel, såfremt det er behov knytt til eige gardsdrift.

I denne saka er det dokumentert eit behov knytt til aktiv drift på garden/stølen. Dermed vil presedensen frå 2021 kunne gjelde også her. Administrasjonen ser ingen skilnad i behovet frå denne saka og den tilsvarende som nevnt (sak 22-2021)

Dette inneber at grunnflata på omsøkt bygg utgjer ca 82 m², og vil vere nærmare med tilsvarende sak, sjølv om det fortsatt er noko over.

Utforming av bygg:

Slik stølsforskriften er vedteke, gjeld det vilkår om at nye/endringar av bygg skal i utgangspunktet ikkje påverke eksisterande kulturmiljø i vesentleg negativ grad.

Byggetekningar i søknaden viser eit ikkje typisk stølsbygg for Vestre Slidre statsallmenning. Det peikes særskilt på «oppstuga» løsning på endeveggen, der det er teljande areal i 2. etasje. Vidare gjev verandaen på stolpar eit utypisk uttrykk for stølar.

Desse to momenta er noko administrasjonen ynskjer på påpeike som moment som må vurderast særskilt politisk. Det er ei ulempe at det enno ikkje er komme uttale frå Innlandet fylkeskommune, då dei er fagmyndigheita til å uttale seg.

Søkjer ynskjer om mogleg ei rask avklaring, då dei har byggeplanar no i summar. Med eit såpass kontroversielt bygg, er det uheldig å legge opp til ei positiv godkjenning utan å ha motteke uttale frå Innlandet fylkeskommune.

Dersom fjellstyret er positiv til omsøkt bygg med oppstugu og opphøgd veranda, tilrår administrasjonen å utsetje saka til det føreligg uttale frå fylkeskommunen. Dette for å unngå evt saksbehandlingsfeil.

Dei resterande deler av bygget (utanom oppstugu og veranda) synes meir å vere i tråd med lokal byggeskikk. Administrasjonen vurderer det slik at det burde vere mogleg å kunne gje ei positiv haldning til bygget dersom ein tek bort oppstugu/opphøyd veranda, og dette vil då kunne vere tilnærma i tråd med den nye praksisen som er ført når det gjeld areal.

Med ei slik positiv haldning, kan ein delegera endeleg vedtaksmyndigkeit til fjellstyre-leiar etter at det føreligg ei positiv avklaring frå fylkeskommuna. Dette då omsøkt bygg er såpass annleis enn den vanlege byggeskikken på stølar.

Oppsummert:

Administrasjonen tilrår ei positiv haldning til omsøkt bygg på vilkår at det ikkje omfattar oppstugu/opphøyd veranda, og at det har 80 m² utnytting målt i BRA. Det kan vere greitt å halde seg til eit makstak på 80 m² BRA utanom dei som har sær større enn dette frå før/mjølkebønder som har behov for meir – slik at ein kan sikre likebehandling over tid.

Det delegeres myndighet til fjellstyreleiar for godkjenning av nye teikningar etter at det føreligg positiv avklaring frå Innlandet fylkeskommune – for å sikre rask saksbehandling

Framlegg til vedtak:

Med heimel i stølsforskriften § 10, er Vestre Slidre fjellstyre positiv til omsøkt sær på vilkår at det ikkje omfattar oppstugu/opphøyd veranda, og at det ikkje har meir enn 80 m² utnytting målt i BRA.

Det delegeres myndighet til fjellstyreleiar for godkjenning av nye teikningar etter at det føreligg positiv avklaring frå Innlandet fylkeskommune

Vedtak:

Med heimel i stølsforskriften § 10, er Vestre Slidre fjellstyre positiv til omsøkt sær på vilkår at det ikkje omfattar oppstugu/opphøyd veranda, og at det ikkje har meir enn 80 m² utnytting målt i BRA.

Det delegeres myndighet til fjellstyreleiar for godkjenning av nye teikningar etter at det føreligg positiv avklaring frå Innlandet fylkeskommune

Vedtaket er samrøystes.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.06.2022

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Randi/Knut Hande
Statskog
Innlandet fylkeskommune
Vestre Slidre kommune